



Notat

Dato: 26.06.2017
Arkivsak: 2015/8849-69
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Partsbrev - Handlingsplan - Selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Kontrollutvalet var samde om at dei vil vurdere å kalle inn styreleiarane i selskapa Hordaland Teater LL og Kveik AS dersom svar ikkje vert motteke.

Med denne tilføyinga for desse to selskapa, vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **fylkesrådmannen** har starta opp i samband med selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av handlingsplanen går det fram at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i løpet av tidleg hausten 2017. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2017.
2. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Askøy Bompengeselskap AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september månad 2017, innan 01.11.2017.
3. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Beredt AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september månad 2017, innan 01.11.2017.
4. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Bybanen AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det

fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.

5. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Hardanger AKS AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.
6. Kontrollutvalet registrerer at det av tilbakemeldinga går fram at **Hardangerbrua AS** ikkje har sett i verk tiltak i høve det som kom fram i den gjennomførte selskapskontrollen av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dei meiner at dette arbeidet bør vente til dei skal gå inn i det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS og ber om utsetjing inntil overtaking er gjennomført. Etter det vi kjenner til skal ikkje Hardangerbrua AS overtakast av det nye selskapet før i 2018. Slik kontrollutvalet ser det er det ikkje tilfredsstillande at Hardangerbrua AS ikkje har sett i verk tiltak i tråd med det som kom fram i selskapskontrollen, men etter ei totalvurdering får Handangerbrua AS ei utsetting slik dei ber om.
7. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Hordaland Teater LL** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg puring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Hordaland Teater LL dersom svar ikkje vert motteke.
8. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Kveik AS** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg puring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Kveik AS dersom svar ikkje vert motteke.
9. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Moster Amfi AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste bør kontrollutvalet be om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
10. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Odda vegfinans AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
11. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Stord Lufthamn AS** har planlagt å sette i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet skal vera ferdig implementert frå 01.01.2018 med utarbeiding av prosedyrar og oppretting av postjournal. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av kopi av prosedyrar og postjournal innan 31.12.2017.

12. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Vestnorsk filmsenter AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.

Kopi til:
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA
Beate Bergsholm